
Saksnr: 2020/72683-2
Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020

Driftstilskot til Kirkens SOS 2020

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 200 000 som driftstilskot til Kirkens SOS Bjørgvin for året 2020.
2. Løyvinga vert dekkja innan fylkesutvalet sin rådveldekonto.

Samandrag

Kirkens SOS Bjørgvin har søkt om støtte til si drift for året 2020. Kirkens SOS driv ei omfattande døgnopa hjelpetelefonteneste for menneske i vanskelege livssituasjonar. Samla tilskot frå dei to tidlegare fylkeskommunane har vore kr 200 000. Søknaden for 2020 er på kr 250 000.

Grunna ein inkurie kom denne søknaden ikkje med i handsaming av budsjett 2020 i Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvt eit driftstilskot for 2020 frå fylkesutvalet sin rådveldekonto.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:
Søknad 2020
Årsrapport 2019
Budsjett 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kirkens SOS Bjørgvin har søkt om tilskot til si drift for 2020. Grunna ein inkurie kom denne søknaden ikkje med i budsjetthandsaminga for 2020. Søknaden vert difor lagt fram som enkeltsak no.

Kirkens SOS er eit døgnope tilbod til alle, og står på landsbasis for omlag halvparten av all hjelpetelefontilbod i Norge. I tillegg til tenester som telefonsamtaler, chatsamtaler og SOS-meldingar yter dei også informasjon til alle ungdomsskular, vidaregåande skular og folkehøgskular, og underviser elevar om psykisk helse og den gode samtalen.

Kirkens SOS har hatt årlege tilskot frå både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar med tilsaman kr 200 000 i årleg tilskot. I 2019 fekk dei også ei samla jubileumsgåve på kr 65 000 knytt til Kirkens SOS Bjørgvin sitt 40-års jubileum.

Søknad for 2021 er levert og løyvinga der vert vurdert i samband med handsaming av budsjett 2021.

Vedtakskompetanse
Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi: Løyvinga vert belasta innan ramma til fylkesutvalet sin rådveldekonto, og er av stor betydning for mottakar

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Hjelpetelefontilbod slik Kirkens SOS tilbyr er eit lågterskel tilbod som er viktig for folkehelse generelt, og utsette grupper spesielt.

Regional planstrategi: Folkehelse og frivillig arbeid er og vil vere sentralt i oppfølging av regional planstrategi.

Det tilbodet Kirkens SOS tilbyr, når ut til alle innbyggjarane i fylket, og er eit lågterskeltilbod som det er stort behov for i samfunnet idag. Av årsrapporten for 2019 går det fram at det er 6 tilsette og 116 frivillige som jobbar for Kirkens SOS Bjørgvin.

Av eit samla budsjett i 2020 på 4,8 mill kr er finansieringa ein kombinasjon av statstilskot på 1,5 mill kr, tilskot frå Bergen kommune på 1 mill kr, fylkeskommunalt tilskot og elles mindre tilskot, gåver, ofringar, m.m. Hovudutgiftene er knytt til løn, pensjon og husleige.

Samla tilskot frå dei to fylkeskommunane har sidan 2015 vore kr 200 000. Kirkens SOS søker om kr 250 000 for 2020 for å komme på realnivå med løyvinga i 2015 (KPI-justering).

Etter fylkesrådmannen si vurdering er det arbeidet Kirkens SOS utfører av stor samfunnsnytte, og meiner fylkeskommunen skal strekke seg langt for å støtte opp om dette. Ut frå tilgjengelege midlar vil fylkesrådmannen rå til at tilskotet vert sett til kr 200 000 for 2020 med dekning på fylkesutvalet sin rådveldekonto.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvt eit driftstilskot på kr 200 000 til Kirkens SOS for 2020 frå fylkesutvalet sin rådveldekonto.